



Det gamle eldhuset reiser seg og her skal Marit Langballe baka brød til hyttefolket. (Foto i Øyaposten)

Vi har ein sprek og spanande kollega på andre sida av Storsundet som heiter Øyaposten/oyaposten.no. Det er ei politisk uavhengig lokalavis for Snilstveitøy og Kalven. Ho kjem ut nokre gongar i året på frivillig hobbybasis og siste nummeret har mykje interessaant stoff også frå vår side - det vil seia frå Skorpo.



Ungdomar frå Skorpo rundt 1939: Frå venstre Tor Eik, Åsmund, Bjarne Skorpen, Hallvard, Borghild Skorpen, Rigmor Langballe, Albert Bjelland, Ragna Langballe og Beathe Skorpen. (Foto i Øyaposten)

Ein kan mellom anna lesa ein reportasje om turer under krigen frå Øyo til Skorpo og omvendt. På Skorpo gjekk det friskt føre seg i salen på det store Langballehuset og Oscar Michaelsson Langballe og kona Ragna var hyggelege vertar. Jørund Havnerås skreiv jamvel ein eigen song som heitte 'Til Skorpo vi skulle på tur' og den er attgjeve i reportasjen, også med noter.

Det er og ein stor reportasje om eit besøk hos Oscar og Marit Langballe og der kan ein lesa at eldhuset frå 1845 er iferd med å reisa seg frå ruinane, Bakeromn skal på plass på same staden som han stod før og Marit planlegg å baka brød for sal til hyttefolket. Ho vil senda sms når brødet er ferdigsteikt, slik at det kan hentast. Og i neste nummer av Øyaposten kjem det reportasje frå Oppiskorpen der Johannes Hauge bur.

Mykje plass er også ofra på ein reportasje om korleis Eidsvik Skipsbyggeri vart til. Det hadde sin spede start i Kalvsund på Snilstveitøya og det er beretningen til Alfred Eidsvik som blir attgjeve.

Åslaug Snilstveit og Bjarne Øymyr har all ære av Øyaposten. Den er eit kvalitetsprodukt både med omsyn til innhald og layout som mange også utanom Snilstveitøy og Kalven har utbytte av å lesa.

Av Ola Matti Mathisen